



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 03.10.2017
Tidspunkt: 14:00 – 17:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|-----------|---------------|
| Brigt Olav Gåsdal | Leiar | AP |
| Anne Tandstad | Nestleiar | SP |
| Svein Verner Røseth | Medlem | FRP |
| Vibeke Bohre Våge | Medlem | H |
| Øystein Foss | Medlem | BL |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
| | | |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
| | | |

Merknader

Den nye rådmannen Charlotte Hageberg, kontrollutvalsmedlemmane, sekretariatet og revisjonen presenterte seg for kvarandre.

Andre som møtte:

| Navn | Stilling |
|---------------------|---|
| Kari Gåsemyr | Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet |
| Charlotte Hageberg | Rådmann – i heile møtet |
| Knut Harald Frøland | Ordførar – til og med PS 31/17 |
| Nina Erdal | Økonomisjef – i RS 17/17 og RS 18/17 |
| Kari Nygard | Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet |

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Kari Nygard
utvalsssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|---|--------|--------------|
| PS 28/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 29/17 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte | | |
| PS 30/17 | Klage på vedtak i sak vedr. konsesjonssak Aldalselva - ny handsaming | | 2016/97 |
| PS 31/17 | Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune | | 2015/131 |
| PS 32/17 | Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018 | | 2016/37 |
| PS 33/17 | Referatsaker | | |
| RS 14/17 | Utvælet sitt kvarter | | 2014/240 |
| RS 15/17 | Reglement for kontrollutvælet i Samnanger kommune - til gjennomgang og drøfting | | 2015/91 |
| RS 16/17 | Utdrag frå møteprotokoll kommunestyret 15.06.17 | | 2015/133 |
| RS 17/17 | Finansrapportering pr. 2. tertial 2017 | | 2016/38 |
| RS 18/17 | Økonomirapportering pr. august 2017 | | 2016/38 |
| RS 19/17 | Budsjettstatus kontroll og tilsyn pr. 21.08.17 | | 2016/37 |
| RS 20/17 | Prosjekt styring og prosjektmanual for Samnanger kommune | | 2016/48 |
| PS 34/17 | Gjennomgang av møteprotokollar | | 2015/133 |
| PS 35/17 | Eventuelt | | |

PS 28/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent.

PS 29/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.05.17.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.05.17 vart samråystes godkjent.

PS 30/17 Klage på vedtak i sak vedr. konsesjonssak Aldalselva - ny handsaming

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Utvalsleiar innleia med å gjennomgå bakgrunn for saka. Det vart peika på at vedtak som tidlegare er fatta (KS-015/2017), ikkje er enkeltvedtak, og at det dermed formelt sett ikkje er klageadgang. Kontrollutvalet konkluderte likevel med at ein ville sjå på saka på nytt.

Det vart drøfta kva moment i saka ein bør vurdera på nytt. Om ein skal gå vidare og sjå på habilitetsspørsmålet for einskildpersonar vart drøfta. Vidare vart det peika på at døme på habilitetsvurderingar som kjem fram i rapporten frå Deloitte inneheld feil.

Konklusjonen vart at kontrollutvalet ikkje vil gå vidare med å sjå på habilitetsspørsmålet for einskildpersonar. Ein vil heller be om å få retta opp dei opplysningane som kom fram i rapporten vedr. habilitetsvurdering. Kontrollutvalet meiner at revisor sine vurderingar i rapporten innehold gode råd om tiltak som det bør setjast fokus på når habilitetsspørsmål kjem opp. Det vart også peika på at det er viktig at kvar einskild både tilsette og politikarar har eit eige ansvar for å ta opp habilitets-spørsmål, og at dette må setjast meir på dagsorden.

Kontrollutvalsleiar sette fram forslag til vedtak, og forslaget vart samråystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at grunneigarane i Aldalselva kraftverk har klagerett på vedtaket som kommunestyret gjorde i KS-015/2017, då dette ikkje var eit einskildvedtak etter forvaltingslova.
2. Klagen dagsett 01.06.17 inneholder moment som gjer at kontrollutvalet likevel vil vurdera påstandane som er fremja.
3. Kontrollutvalet ber Deloitte retta opp opplysningane som er kome fram i tidlegare rapport om habilitet.

PS 31/17 Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for Samnanger kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evnt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 15.11.17 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Utvalsleiar innleia med å peike på at det prosjektet som er prioritert som nr. 1 i planen er sjukefråvær, og at dette tema har vore drøfta ein del både politisk og i administrasjonen, i det siste. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at ho nå i starten av jobben som rådmann, har sett fokus på særleg tre områder

- Verdiprosjektet
- Kompetanseløftet
- Sjukefråvær

Kontrollutvalet drøfta saka og ordførar var og med under drøftinga. Deloitte orienterte og om kva revisjonen kan bidra med når det gjeld oppstart og gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon. Det vart peika på at det er viktig at det ikkje vert utført «dobbeltarbeid», ved at både administrasjonen og kontrollutvalet ser på dei same spørsmålstillingane. Det kom innspel om at det til neste kontrollutvalsmøte vert laga ei utgreiing som viser kva administrasjonen og rådmann vil arbeida med når det gjeld dei tre fokusområda som er sett.

Kontrollutvalet drøfta og om det kan vera aktuelt å gå vidare med å sjå på andre prosjekt ut frå prioriteringslista som ligg i plan for forvaltningsrevisjon. Dette vil utvalet og sjå på når ein skal vurdera valg av prosjekt.

Konklusjonen vart såleis at kontrollutvalet vil utsetja til neste møte å ta stilling til val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Ein vil be om at det vert lagt fram ei orientering om det arbeidet som er starta innan fokusområda. Ut frå slike opplysningar vil kontrollutvalet så vurdera vidare kva prosjekt som peikar seg ut som aktuelle for forvaltningsrevisjon.

Det vart sett fram nytt forslag til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon vert utsett til neste møte.
2. Administrasjonen ved rådmann vert beden om å legga fram ei orientering om arbeid som er starta innan dei aktuelle fokusområda.
3. Ut frå slike opplysningar vil kontrollutvalet så vurdera vidare kva prosjekt som peikar seg ut som aktuelt for forvaltningsrevisjon.

PS 32/17 Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Sekretariatet gjennomgjekk framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018. Kontrollutvalet drøfta einskildpostar, men utvalet ville ikkje gjera endringar i forslaget som ligg føre. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

PS 33/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Desse referatsakene vart gjennomgått.

- RS 14/17 – Utvalet sitt kvarter
Det vart ikkje meldt saker under utvalet sitt kvarter.
- RS 15/17.- Reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune – til gjennomgang og drøfting
Teke til orientering.
- RS 16/17 – Utdrag frå møteprotokoll kommunestyret 15.06.17
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 17/17 – Finansrapportering pr. 2. tertial 2017
Nina Erdal orienterte. Teke til orientering.
- RS 18/17 – Økonomirapportering pr. august 2017
Nina Erdal orienterte. Teke til orientering.
- RS 19/17 – Budsjettstatus kontroll og tilsyn pr 21.08.17
Korrigerte rekneskapstal skal sendast til kontrollutvalet etter møtet. Ellers teke til orientering.
- RS 20/17 – Prosjekt styring og prosjektmanual for Samnanger kommune
Gjennomgått , drøfta og teke til orientering.

Vedtak:

Referatsakene vart teke til orientering.

PS 34/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Etter gjennomgang av aktuelle møteprotokollar fann utvalet at det ikkje var saker ein ville be om meir informasjon om nå. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 35/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017

Handsaming i møtet:

Desse sakene vart teke opp under eventuelt:

1. Sekretariatet orienterte om at det vil bli gjennomført folkevaldopplæring for kontrollutvalsmedlemmar på Solstrand 29. og 30.01.2018.
2. På møteplanen till kontrollutvalet er det sett opp møte 30.10.17 og 04.12.17.
Møte 30.10.17 må utgå og dato for neste møte vert såleis 04.12.17.

Vedtak:

Møtedato 30.10.17 utgår og neste møte i kontrollutvalet vert 04.12.17.

Kontrollutvalet tok ellers informasjonen under eventuelt til orientering.